

Lykkeleg som liten? Organisasjonskultur ved Høgskulen i Volda

Jon Gunnar Nesse, Høgskulen på Vestlandet

Leif Longvanes, Høgskulen i Volda og Høgskulen på Vestlandet

Torbjørn Årethun, Høgskulen på Vestlandet

Strukturen i norsk høgare utdanning har endra seg stort i fleire reformbølgjer dei siste 40 åra. Høgskulen i Volda (HVO) er ein høgskule som ikkje har vore igjennom samanslåing eller fusjon etter 1994 då Volda Lærarhøgskule og Møre og Romsdal distriktshøgskule, Volda vart slått saman til Høgskulen i Volda.

Hausten 2023 vart det gjennomført ei spørjeundersøking om organisasjonskulturen ved HVO basert på modellverktøyet OCAI (Organizational Culture Assessment Instrument). OCAI er eit rammeverk beståande av to dimensjonar: grad av internt kontra eksternt fokus i organisasjonen, og grad av stabilitet kontra fleksibilitet i organisasjonen. Utifrå dette får ein fire idealtypar organisasjonskultur: klan, hierarki, marknad og adhokrati. OCAI måler også tilhøvet mellom faktisk og ønska organisasjonskultur.

Internasjonale undersøkingar basert på OCAI i universitetssektoren syner at det er sprik mellom oppfatninga av eksisterande organisasjonskultur og ønska organisasjonskultur. Desse undersøkinga peikar i retning av at oppfatninga av organisasjonskulturen er hierarkisk og/eller marknadsorientert, medan det er ønskje om meir klan og adhokrati.

To undersøkingar ved mindre høgskular i Norge peikar i retning av spriket mellom oppfatta og ønska organisasjonskultur er mindre i desse organisasjonane og at klan og adhokrati er meir dominerande enn i større universitet og høgskular. Stabilitet og internt fokus, slik som i hierarki- og marknadskultur, vil i mindre grad kunne svare på regionale behov. Det er derfor interessant å finne ut om og drøfte om tilsette ved HVO har ein større grad av fleksibilitet enn ved større universitet og høgskular. Ein anna mogleg implikasjon av mindre sprik mellom oppfatta og ønska organisasjonskultur er at tilsette har ein større dedikasjon for eigen organisasjon og studietilbod, som kan påverke rekrutteringa av studentar til høgskulen. På bakgrunn av dette set vi fram følgjande forskinsspørsmål:

1. Kva oppfatninga har dei tilsette ved Høgskulen i Volda av organisasjonskulturen?
2. Er det mindre skilnad på oppfatninga av eksisterande organisasjonskultur og ønska organisasjonskultur ved Høgskulen i Volda enn det ein finn ved større universitet og høgskular?

Sidan data ikkje er ferdig analysert har vi førebels ingen resultat å vise til.

Regional attraktivitet i val av studieprogram

Helene Maristuen (førstelektor), Torbjørn Roloff Heyerdahl (førsteamanuensis), Ove Oklevik (førsteamanuensis), John Brekke (høgskulelektor) Handelshøgskulen HVL.

Innleiing

Konkurransesituasjonen til høgskular og universitet vert utfordra frå fleire hald. Det skuldast for det fyrste demografiske endringar i befolkninga der yngre årskull vert mindre. For det andre skjer de ein auke i sentralisering og urbanisering som kan true utdanningsinstitusjonar som opererer desentralisert og med Campus i distrikta. For det tredje viser trendar at yrkesfaglege utdanningar som til dømes fagskular og høgare yrkesfagleg utdanning har ein auke i si rekruttering. For det fjerde skjer det og tilrettelegging av fleire studiesenter utan stadleg fagmiljø som kan utkonkurere høgskular og universitetet som har Campus med stadleg fagmiljø. For det femte innførde dei politiske styresmaktene omfattande fusjonsprosessar på 2000-tallet der og høgskulesektoren var eit av måla. Resultatet er at mange høgskular fusjonerte og lokale høgskular og campusar endra organisasjonsform då dei vart del av større einingar og førte til endre profil og ny identitet. Alle desse faktorane gjer det relevant og aktuelt å klarleggje unges val av utdanning og korleis regionale særtrekk kan fremje eller hemme tiltrekkinga av studentar.

I den vidare kartlegginga finn vi teorien om «push and pull» frå migrasjonsforskinga interessant. Opphavelag kom teorien om ulike «push» og «pull» -faktorar frå migrasjon. Push var noko negativt i høve individuelle behov for å flytte - medan pullfaktoren representerer dei positive eigenskapane ved ein stad (Lee, 1885). I seinare tid har push - og pullfaktorane blitt nytta mykje i reiseliv og marknadsføring (Dann, 1977).

Handelshøgskulen HVL tilbyr studiar på tre av HVL sine fem campus. Med bakgrunn i det over skal denne studien derfor ta føre seg følgjande problemstillingar:

R1: Kva er viktig for unge i val av studiar?

R2: Korleis spelar regional attraktivitet inn i val av studiar?

Det har blitt gjennomført undersøking på utdanningsmesser blant elevar på vidaregåande skular for å svare på R1. Vidare vil ein ta føre seg attraktivitetsmodellen til Vereide (2024) i Telemarkforskning og samanlikne ulike campus med same studietilbod for å svare på R2.

Fjordkonferansen 2024

Sammendrag (Abstract)

Tillitsskapende samhandling: Partnerskap med fremtidens skole

Ingrid Kvam Steinshamn og Gila Hammer Furnes

Prosjektet "Tillitsreformen – en måte å utøve læreryrket på?" utforsker hvordan bruk av konkrete økonomiske og tidsmessige prioriteringer og tiltak kan styrke lærerens autonomi og handlingsrom, ved å legge til rette for økt fleksibilitet og selvstendighet i deres arbeidshverdag. Samtidig identifiserer prosjektet møtepunktene mellom Tillitsreformen og Samhandlingsreformen, og ser på behovet for å utvikle en egen samhandlingsreform for utdanningssektoren, slik Furnes (2024) foreslår i sin avhandling. Furnes fremhever *samhandling* og *tillit* som nøkkelkomponenter i partnerskap i skolen, både internt og eksternt. Gjennom en analyse av ressursbruken og tidsfordelingen i skolen, søker prosjektet å adressere komplekse utfordringer knyttet til samhandling mellom ulike aktører i utdanningssektoren. Dette inkluderer behovet for bedre koordinering og samarbeid mellom skoler, kommunale tjenester, helsepersonell og andre relevante instanser for å sikre en helhetlig og effektiv tilnærming til elevenes læring og trivsel. Ved å utvikle en egen samhandlingsreform for utdanningssektoren, kan man bedre imøtekomme de spesifikke problemstillingene og behovene som lærere og skoler står overfor, og dermed bidra til å styrke kvaliteten og tilgjengeligheten av utdanningstjenester.

Studiens hypotese er at økt tillit og bedre verktøy for samhandling blant lærerne vil føre til en mer bærekraftig ressursbruk, både når det gjelder menneskelige ressurser og økonomi, i skolen. Furnes (2024) understreker betydningen av samhandlingskompetanse og argumenterer for at utviklingen av en samhandlingsreform for utdanningssektoren kan styrke skolens evne til å møte næringslivets behov med større kompetanse. Dette peker på en sammenheng mellom tillitsbasert samhandling og skolens evne til å tilpasse seg eksterne samarbeidspartnere som næringslivet, med potensial til å skape en mer relevant utdanning for elevene og øke næringslivets kompetanse og konkurransekraft.

Studien gjennomføres som aksjonsforskning, en metodologi som involverer aktiv deltakelse og refleksjon fra praktikere i forskningsprosessen. Gjennom samarbeid mellom forskere fra Høgskulen i Volda, Fedje kommune og skolen søker studien å generere kunnskap og implementere endringer direkte i praksis.

Fjordantologien gjennom 10 år - ei bibliometrisk analyse

Leif Longvanes, Høgskulen i Volda og Høgskulen på Vestlandet

I 2013 vart den første Fjordkonferansen arrangert og den første utgåva av Fjordantologien kom ut frå trykkeriet våren 2014. Sidan det har det blitt 12 utgåver av Fjordantologien, medrekna den som blir publisert våren 2024. I innleiingskapittelet til den første utgåva av Fjordantologien skriv redaktørane: *Kvaliteten på universitet, høgskular og forskingsinstitutt er i aukande grad knytt opp mot forskning og publisering av forskingsresultat*¹. Vidare gjer redaktørane greie for samanhengen mellom vitenskapleg publisering og kvalitet på utdanning, omdømmebygging, arbeidstilfredsheit hjå tilsette og høve høgskular har til å tilby bachelor- og masterutdanningar. I tillegg til desse, meir eller mindre sektor-interne interessene trekkjer dei fram at næringsliv og forvaltning i større og større grad er avhengige av forskning.

Sidan den første utgåva i 2013 og fram til Fjordantologien 2023 har det blitt publisert 171 kapittel (og vel 4 000 sider) i antologiane, og med få unntak har desse vore gjennom fagfellevurdering og kjem under kategorien «vitenskapleg publisering». Våren 2024 blir den 12. utgåva av Fjordantologien utgitt og i samband med det blir det gjennomført ei bibliometrisk analyse av Fjordantologien. Alle artiklar frå Fjordantologien i perioden 2014 til 2024 blir analysert for kvalitativt og kontekstuell innhald for å avdekke tema og trendar. Totalt vil det det, dersom ein legg snittet frå dei føregåande utgåve til grunn, vere om lag 190 artiklar som inngår i analysen.

Spørsmåla som blir drøfta er utviklingstrekk i tema, metodeval, forfattarskap, siteringer og nøkkelord. Til slutt vil artikkelen sjå nærmare på omfanget og innhaldet i dei føregåande antologiane knytt til regional konkurransekraft.

Funn og analysar av dei 11 første utgåvene av Fjordantologien blir presenterte på Fjordkonferansen 2024. Deretter blir Fjordantologien 2024 lagt til materialet med sikte på artikkelutkast hausten 2024.

¹ Amdam, J., Helgesen, Øyvind & Sæther, K.-W. (2014). Det Mangfaldige kvalitetsomgrepet : Fjordantologien 2013. Forlag1.